



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

GIS-konsulent - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved tenesteområdet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som GIS-konsulent, frå 01.11.2016.

Tenesteområdet omfattar om lag 45 tilsette, der 17 medarbeidarar har oppgåver knytt til saksbehandling og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk, kommunal eigedom, utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og av kommunaltekniske anlegg. Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale faglege nettverk. Det er gjort vedtak om kommunesamanslåing med Radøy og Lindås frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Meland kommune er i sterk utvikling. Eit aktivt næringsliv og gode kommunikasjonar til Bergen med snøggbåt, ekspressbuss og E39, gjer kommunen svært populær som bustadkommune.

Meland har eit landleg preg og godt utvikla bygdestruktur. Samstundes inngår kommunen i byregionen kring Bergen, med planar for meir urban utvikling i sentrale deler av kommunen. Vi søker engasjerte, erfarne og kompetente medarbeidarar med eit høgt ambisjonsnivå.

Stillingen inngår i fagområdet GIS/Geodata som omfattar 3 årsverk.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar drift av kartsystemet GISLINE, drift og utvikling av kart på nett - Nordhordlandskartet via Adaptive 3, drift av meldingssystem til og frå innbyggjarane, arbeid med geodatainfrastruktur (som QMS/geosynkronisering), oppdatering av Gårdskart, utvikling av karttenester generelt for intern og ekstern bruk, digitale arealplanar og digitalt planarkiv, og andre oppgåver i samarbeid med fagområda ved avdelinga elles / nabokommunar.

Administrasjonsspråket er nynorsk.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant GIS-utdanning, minimum på bachelornivå. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil leggje vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring innan GIS-/Geodataforvaltning
- Har solid kjennskap til aktuell programvare som GISLINE, FME, KOMTEK, Adaptive 3 og QGIS, og dei norske standardane SOSI og FKB
- Har positiv tilnærming til arbeidsoppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Legg vekt på god service
- Er lojal

Vi tilbyr

Den rette personen vil få

- Interessante oppgåver
- Fleksibel arbeidstid
- Løn etter avtale
- God pensjonsordning
- Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Kontaktperson

Niels Torger Granum, GIS Konsulent, tlf: 56171166, niels.torger.granum@meland.kommune.no
Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no